

Innspel til Temaplan for breiband og digitalisering 2023-2029

Oppsummering

Innspel

Organisasjon	IT-forum Vest
Namn	Ivar Petter Grøtte
E-post	ipg@vestforsk.no

Andre innspel

Høyringsinnspela fra IT-Forum Vest bygger på presentasjon og drøfting på årsmøtet i Førde 07.04.2023. Planen vart presentert av Ingjerd Skogseid frå Vestland fylkeskommune. Etter presentasjonen kom deltakarane med kommentarar og innspel.

Totalt 20 personar var tilstades på årsmøtet og representerte medlemsorganisasjonane Norek, Eninvest, Statsforvaltaren i Vestland, Sparebanken SFj, Framtidsfylket, Sogn og Fjordane Næringsråd, Sognenett, Helse Førde, KS Vestland, Vestlandsforsking, Høgskulen på Vestlandet, Lotteri- og stiftelsestilsynet, Digitaliseringsdirektoratet, Eninvest, Bergen Fiber og administrasjon i IT-forum Vest.

IT-Forum Vest er svært glad for at Vestland fylkeskommune har fått utvikla denne temaplanen for breiband og digitalisering. Me er og glade for å ha fått gitt innspel og vore i dialog undervegs i planprosessen. Våre tidlegare innspel ser i stor grad ut til å vera teke omsyn til og inkludert i planen.

Høyringsinnspela no er soleis supplerande kommentarar og innspel som har komme fram etter at høyringsframlegget vart sendt ut.

Digital infrastruktur

Digital infrastruktur er eit område IT-forum har arbeidd med i svært mange år. Arbeidet med å utvikle forståing for og få auka tilgang til midlar til å bygge ut ikkje-kommersielle område har vore eit samarbeidsområde mellom tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune, no Vestland fylkeskommune og IT-forum gjennom lang tid. Arbeidet har lukkast bra og store midlar har vorte utløyst frå både statleg side, fylket, kommunar og innbyggjarane. Vestland er no høgt oppe på lista over fylke med best breibanddekning. Planen gir eit godt bilde av status og me støttar framlegga til vidare arbeid. Me vil gjerne presisera følgjande:

- Den vanskelegare økonomisk situasjonen i samfunnet det siste året har avdekkja eit behov me ikkje har vore særleg merksame på tidlegare. Leverandørar opplever behov for støtte til familiar som ikkje har tilstrekkeleg økonomi og som dermed nedprioriterer breiband. IT-Forum Vest vil peike på at utan tilstrekkeleg breiband kan ikkje familiar, og einskildpersonar, ta del i eit moderne samfunn slik det er forventa med stadig meir digitalisering. Dei store kostnaden ved utanforsk for ei gruppe som no dessverre er aukande må takast omsyn til. Dette er ikkje innspel om ei ny støtteordning, men heller at NAV inkluderer slike omsyn når dei vurderer berekningsgrunnlaget innanfor eksisterande typar støtte. Det er særskilt viktig at tilgang til digital infrastruktur blir inkludert som eit livsopphaldselement på linje med straum og vatn, mm. Elles vil personar som alt er i ein vanskeleg situasjon, få endå fleire utfordringar. Temaplanen bør ta opp desse problemstillingane.
- For koplingen mellom E-helse og digital infrastruktur har det komme fram at fleire av leverandørane for E-helseløysingar ikkje brukar fibersamband, men berre mobilsamband. Det har lenge vore hevda at både fiber og mobilsamband blir brukt, men det viser seg at mobilsamband blir prioritert av ulike driftsomsyn. Dette

betyr at i tillegg til fiberframføringa, som har hatt høgast prioritet, er det særstakt viktig at mobildekning også blir sikra. Fleire bur no i område med god fiber dekning, men dårlig mobildekning. Dette må følgast opp for å sikre redundans lokalt.

- Samspelet mellom fiber og mobilnett gjeld også for næringslivet. Mobilnett, som tidlegare var back-up, blir no i fleire tilfelle primærnettet. Nye løysingar blir lansert bygd på ein annan kommunikasjonsstruktur. Eit døme er innandørs 4G/5G løysingar i byggnæringa.

- For E-helse-området har også breibandleverandørane sett ei anna problemstilling. Når eit lokalområde blir bygde ut, er det ein del eldre innbyggjarar som ikkje melder interesse for og bestiller oppgradert breiband. Dette er samtidig personar som er eller vil bli mottakarar av kommunale tenester levert digitalt. Her må det vurderast om det trengst særlege tiltak for å sikra at eit område blir komplett utbygd på same tid. Dette vil på sikt bidra til å spare kostnader og sikre lik tilgang til tenester. Det kan ikkje lenger vere skilnad på om eit hus har innlagd vatn og straum eller breiband.

- Temaplanen er viktig då den skal legge grunnlaget for å prioritere resursar og innsats. Men det vil også gje grunnlag for å stille krav til aktørar. Vestland fylke har lang erfaring frå samarbeid med kommunane og med leverandørane. Det er viktig å presisere at god praksis med eit avtala årshjul av aktivitetar der både kommunar og leverandørane får mulegheit til god planlegging, gjennomføring av prosjektpesifikasjon, tilbodsrundar mm. Kommunane må også lage korrekte og realistiske planar for det som no står att av utbygging. Då kan utrullingsprosessane og kostnadane blir mest muleg optimale.

Digital samfunnsutvikling

- IT-Forum Vest er glad for at E-helseområdet er løfta fram som særleg viktig. Dette er eit område me har arbeidd med i lang tid, og Vestland er mellom dei fremste i landet. Her er det no særleg digitalt utanforskning / digital inkludering som står att som eit særleg deltema som fell utanfor finansieringsordningane. For mange brukarar og potensielle brukarar er dette svært viktig for å få ein vellukka utrulling av dei nye tenestene. Her må det kome meir resursar og meir målretta innsats.

- GIS er eit område som knapt er omtala i planen. Fylkesgeodatasamarbeidet i Vestland er administrert av Statens kartverk. Dette er eit viktig digitaliseringsområde, og fylket har tradisjon for å få til gode samarbeid. Dei aktuelle aktørar bør kontaktast, og GIS-området bør ha eigen omtale i planen. Det blir også opplyst at sentrale organisasjonar no bygger meir GIS-kompetanse. Samarbeid om kartinnsynsløysing mellom Statsforvaltar og Vestland fylkeskommune er eit viktig område og legg også grunnlag for ei rekke andre tenester.

- Demokratisering av planprosesser er eit viktig tema, og me er glade for at dette er løfta fram. Norge kjem godt ut på dei fleste rangeringar innan digitalisering, men lågt på digital deltaking i samfunnslivet. Her må det setjast inn meir innsats og resursar, og det må komme i gang særlege og breie satsingar.

Digital kompetanse

- Jenter og teknologi er eit svært viktig satsingsområde. Tilgang til kompetent arbeidskraft er ein av dei største utfordringane for Vestland både i dag og framover. Betre rekruttering av jenter til teknologiutdanninger har eit stort potensiale. Dersom Vestland lukkast godt her, vil det kunne gje ein stor konkurransefordel for fylket. Dette må prioriterast høgt i bruk av verkemiddel. Rekrutteringstiltak, løfte fram rollemodellar, vise kunnskap om korleis jenter og kvinner vel alternative vegar fram til ei teknologiutdanning er viktige element. IT-forum Vest har også ei eiga gruppe som arbeider med rekruttering og mangfold. Innvandrarar og flyktningar er også eit stor gruppe som kan bidra.

- Koplingspunktet mellom kompetanse og næringsutvikling er viktig. Me er lågast i Europa (5%) på å ville starte bedrift. Kva kan spinne ut av næringsutvikling frå utdanning og kompetanseutvikling? Planen varer i 6 år. Då kan ei langsiktig og systematisk satsing her kunne gje vesentlege endringar. Her er langsiktigkeit særleg viktig.

- Etter- og vidareutdanninger er viktig, særleg innanfor digitalisering, men har til dels utfordringar med rekruttering. Det er viktig å treffen målgruppene rett og utvikle incentiv som stimulerer god oppslutning.

- Digital utanforskning eller digital inkludering er også eit sentralt tema her. Vi kan ikkje ha 10% av innbyggjarane som slit med å ta del. Her må det setjast inn vesentleg auka tiltak for å hjelpe den eldre generasjonen og

personar med særlege behov med digitaliseringa. Digital einsemd med sosiale møteplassar og digital kompetanse må takast omsyn til og det må få auka merksemd og oppfølging.

Digital verdiskaping og innovasjon

IT-forum er glad for at internasjonalt samarbeid er løfta fram i planen, og at heile breidden frå FoU-samarbeid gjennom Horisont Europa, breie samarbeid for regional utvikling i Interreg til det meir implementeringsnære Digital programmet. IT-forum Vest har, som tidlegare IT-forum Sogn og Fjordane, vore involvert i internasjonale prosjekt sidan 1990-talet med gode resultat. Me håpar det blir sett i gang og vidareførd gode tiltak for simulere næringsliv og offentleg sektor deltaking i desse programma. Desse programma er også ein viktig arena for å kople på næringslivet i breiare samarbeid i regionen. Her er og dei nye tungrekningsmiljøa i fylket gode utgangspunkt for innovasjon og ny næringsutvikling.